

Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr 4,2008



Håkon på tredje plass. Håkon Fedt tok turen til Rauma og motbakkeløpet Nesaksla Opp tidlegare denne månaden. Dette er eit av dei kortare løpa på ein stadig rikare motbakkemeny. Håkon greidde ein fin tredje plass i klasse 25-29 år med tida 32.07. Totalvinnar vart Jon Tvedt frå Gular IL (best i landet i denne disiplinen) med 22.10.

Olaf klassevinnar. Mefjellet Opp, arrangert av Valldal IL, med start i Fjørå, vart arrangert laurdag 19.juli. Her vart Olaf Øien klassevinnar i klasse 65-69 år med tida 1.09.56. Totalvinnar vart skiskytteren Hans Martin Gjedrem – på ny rekord (46.03).

Brakkeflytting. Brakka til Ivar Morten Normark, som vart flytta frå Kråmyra til Dalemyra skal no setjast opp på permanent basis. Det var VRF som kjøpte bygget, som no har ”godgjort” seg i over eitt og eit halvt år i enden av grusbana på Dalemyra. Bygget skal mellom anna bli ny kiosk, men det vil òg romme andre funksjonar ettersom det vil få ein underetasje. VIL har lova VRF økonomisk støtte til prosjektet.

Historisk dag. 24 juli 2008 gjorde Nils Terje Skylstad ein stortur ingen andre har gjort før han. Denne dagen var skulelæraren innom trimgruppa sine elleve postar i Velledalen, utan å nytte sykkel eller bil mellom postane. Dette gjorde han på ein svært varm dag, med dogg i graset dei fyrste timane.

Planen var at også posten i Riksheimdalen skulle vere med, men etter ei totalvurdering mot slutten av dagen vart denne kuttet ut.

- Eg sette meg ned om lag 15 minutt på heile turen, elles gjekk det på det jamne, kunne Nils fortelje då han avslutta runden klokka 2200 torsdag kveld.

Vi tek med ruta han gjekk, og tidspunkta han var på dei ulike postane. Ikkje for at nokon skal kopiere turen, men for at det skal bli lettare å fatte lengda av den.... Og hugs, den vart gjennomført på ein dag dei fleste knappast orka røre seg utover ein halvtime utan pause.

08.00: Start frå Hole

08.20: Sætreelva i Holemarka

09.50: Myrdalsfjellet

12.00: Holetindane

13.15: Brunstadsætra

13.50: Vellesætra

15.35: Regndalen

17.15: Skogsvegen Drabløs

18.15: Høgsætra

19.10: Skogsvegen Fet

20.25: Skogsvegen Hjorthol

21.00: Koppen

22.00: Heime på Hole

At Nils vart 96 trimpoeng rikare etter ei dagferd på 14 stive klokketimar var vel forrent. Akkurat der trur vi alle er samstemde.



Olaf Øien



Håkon Fedt



Nils Terje Skylstad

Tre spreke karar, over eit vidt spekter i alder, som alle har gjort sterke prestasjonar i sommarvarmen.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.